

BOKN BYGDABLAD

Nr 3 April 2004 - Årg. 19

www.bygdabladet.no



Hereford- s. 8



Konkurs- s. 12



Kompetanse s. 20



Bokn
kommune

Kusymre
kommuneblom i Bokn





RDFØRAREN RDET

Hei!

Bokn Fiskemottak AS

Det er beklagelig at Bokn Fiskemottak AS er konkurs og at ca 20 ansatte står utan arbeid. Det er alvorlig for Bokn og ikkje minst for dei som blir ramma av at arbeidsplassane opphøyrer.



Foto pr. 24.03.04: Reidar Alvestad

Bokn kommune eig bygget, medan SR-Bank eig utstyret, og me arbeider nå for å få ny aktivitet i bygget. I første omgang vil me prøva å få aktivitet som kan nytta bygg og utstyr som finst. Det er eit arbeid som blir svært vanskelig p.g.a. stor overkapasitet, permitering og nedlegging av bedrifter i bransjen.

Lykkast ikkje det vil me prøve å få annan aktivitet i bygget. Det er vårt mål at flest mulig kan få ein arbeidsplass her igjen.

(Sjå også s. 12 - red. anm.)

Kommuneplanprosess

Mange av dykk har og vore med på kommuneplanprosessen for å staka ut satsingsområder for Bokn kommune i åra framover. Eg var svært glad for at så mange stilte opp og brukte tid på dette arbeidet. Det var ein optimistisk gjeng som var samla og som hadde tru på framtida på Bokn. Dei kom med mange forslag til kva me bør satse på for å få til eit livskraftig lokalsamfunn på Bokn.

Forslaga vil bli tatt med i kommuneplanen og

bli innarbeida i budsjetta etter kvart, noko kan me kanskje få til allereie i år.

Det er viktig at me alle engasjerer oss i framtida og bidrar til ein god utvikling, dette er ikkje noko som kommunen åleine kan få til.

(Sjå også s. 4 - red. anm.)

Vatn og avløp

Bokn kommunestyre har vedtatt nye regulativ for berekning av gebyr for vatn og avløp. Det nye er at kvar abonnent kan velje om han vil ha målar eller betale ut ifrå eit stipulert forbruk.

Vel ein å betale ut ifrå eit stipulert forbruk vil der ikkje bli noko endring frå gebyra for 2004. Det vil bli ein auke i gebyr for gardsbruk og noko av næringslivet.

Velgjer ein målar betaler ein leige for målar og for faktisk forbruk av vatn, det vil svare seg for dei som bruker lite vatn, under ca 200 kbm for ein bustad.

Saksbehandlingsgebyr

Bokn er ein av dei kommunane i landet som har tatt minst gebyr for saksbehandling. Kommunestyret ser det som nødvendig å berekne noko meir saksbehandlingsgebyr enn me har i dag. All saksbehandling som angår bustadbygging vil bli fritatt for gebyr.

Foreldrebetaling i SFO

Bokn kommune har og hatt svært låge satsar for foreldrebetaling i SFO, og kommunestyret har satt opp satsane frå 1/8 -04 til eit nivå som tilsvarar det andre kommunar tar. 20,- kr pr. time for dei med minst bruk og 18,- kr pr. time for dei med mest bruk.

Det er beklageleg at kommunen må ta desse gebyra, men ein pressa økonomi gjer at kommunestyret vil ta desse gebyra framfor å redusera drifta tilsvarande.

Alle desse endringane vil bli gjort kjente.

Sjølv om dette blei mykje negativt får eg ønske alle ein god påske.

Svein Ove

Aetat, trygdekontoet og kommunen samarbeider

Reidar Alvstad

Ein ny velferdsetat skal vera oppretta frå januar 2007.

Eit utval leia av professor Jørn Rattsø skal levera si innstilling om dette i juni i år. Eitt av måla for dei tre etatane aetat, trygdeetat og sosialetat er å hjelpe fleire ut i arbeid, og færre på trygd. 17 kommunar er med i eit nasjonalt samordningsprosjekt for å prøva ut eit nytt system kor sosialetat, aetat og trygdekontoet ved samarbeid og samordning av tenester kan gi betre tenester enn i dag.

Samarbeid lokalt

Når den nye velferdsetaten er oppretta, skal brukarane av desse tenestene sleppa å gå frå kontor til kontor. Det skal vera muleg å få dei tenestene som desse tre etatane i dag har på ein og same stad. Her i fylket er det ingen kommunar som er med i det nasjonale prøveprosjektet, men mange kommunar og etatar har tatt eigne initiativ til samarbeid for å gjera tenestene meir tilgjengeleg for publikum.

Bokn kommune og Bokn trygdekontoet har gjennom drøftingar med aetat Kopervik laga ein samarbeidsavtale som blei underskriven 2. april.

I denne avtalen går det fram at både aetat Kopervik og trygdekontoet i Bokn plasserar ut sitt brosjyre-

materiell ved Servicetorget i Bokn kommune. Vidare har kommunen sett ut ein publikums-PC som m.a. kan han nyttast til å gå inn på trygdekontoet og aetat sine nettsider. Her kan ein t.d. senda meldekort til aetat, søkja etter ledige stillingar osv. Korleis den endelege organisasjonsmodellen blir når regjering og storting har sagt sitt, veit ein ikkje ennå. Det må også gjerast noko med regelverket.

Også samarbeid med likningsetaten

Etter at likningskontoet blei nedlagd i Bokn, fekk kommunen ein avtale med Haugaland ligningskontor kor Servicetorget i Bokn tar enklare rettleiingsoppgåver for Haugaland ligningskontor. Det kan gjelda endring av skattekort, hjelp ved innlevering av sjølvmelding m.v.

Opplæring

Aetat har i avtalen forplikta seg til å gi opplæring til sosialkontor, servicetorg og trygdekontoet slik at dei skal kunna gi vidare informasjon om aetat sine tenester. Servicetorget i Bokn kommune i samarbeid med sosialkontor og trygdekontoet kan såleis ta imot og rettleia publikum på dette området. Meininga nå er å få ein start på eit nærare og meir forpliktande samarbeid som vil koma seinare.



Fv. Seksjonssjef servicetorg Gro Sørensen og konsulent Norunn Jordbrekk ved inngangspartiet der både trygdekontoet og aetat har utplassert brosjyrer.



Fv. rådmann Jan Erik Nygaard, leiar av aetat Kopervik Solfrid Ytraland og trygdesjef Ingunn Sunde har skrivne under samarbeidsavtalen.

Eit år sidan web-lansering

Nettutgåva av Bokn Bygdablad var 1. april ein veksande 1-års jubilant!

Me har fleire gonger det siste året skrive om at me er svært nøgde med nettutgåva. Sjølv om me kunne tenkt oss meir hjelp frå lesarane i form av ris/ros-tilbakemeldingar har me klart å utvikla sida til det betre.

Det kjem i alle fall positive tilbakemeldingar om at folk set pris på og

brukar websida jevnleg. Fersk statistikk for tidsrommet 1. - 30. mars fortel om 18.095 treff på webstaden, mot 12.200 den fyrste mnd. i fjor - eit bevis på ei side i vekst.

Internasjonal

Boknarar i utlandet, enten dei er fastbuande, jobbar, eller er på reise, er også tidlegare referert med takksemnd over lokalstoff på Verdensveven. Det er også interessant å sjå at 20% av besøkssesjonane til nettutgåva er internasjonale.

Over 200 nyhetsartiklar- og reportasjar bekreftar at nyhetene naturleg nok blir prioriterte, og i motsetning til papirutgåva kan me snakke om ei avis, særleg når me kan driva oppsøkande journalistikk, og vera der det skjer - slik som den tragiske dødsulukka på Are 25. mars.

Me ser at me har meir å gå på i menyane våre, men folk må ikkje gløyma at me har svært få disponible ressurser. Tida vil visa kva me får til.

www.bygdabladet.no

Sammendrag av innspill fra kommuneplankonferansene 12.02 og 14.02

Sterke og svake sider, muligheter og trusler ved Boknasamfunnet i dag:


STERKE SIDER Friluftsliv Lokale butikker Trygt oppvekstmiljø Funksjonelt sentrum Kommunale tjenester Gode bygg Lag og organisasjoner Lite vold Mange treffsteder Mange mennesketyper Kort veg Gode kommunikasjoner Sentral beliggenhet Godt samhold Innbyggerne på Bokn Skole og barnehage helsetilbudet	MULIGHETER Småbåthavner friluftsanlegg, stier Bed& Breakfast Formidling av overnattingsplasser Knarholmen - nytenking Tilbud om varierte boligtomter Leiligheter mot sjø m/brygge og båt-plass Attraktive områder går til fastbo-ende Ikke fritid Ta vare på turområder og rydde i markene "STILK"-midler Felles driftsbygg Være aktiv i prosessen som er i gang fra sentralt hold med kom-munesammenslåing for å gjøre det beste for vårt lokalsamfunn Kommunikasjoner på sjø og land Samdrift innen primærnæring Gassbasert næring Nytte Kårstøvann i svømme-basseng Regional satsing Båtplasser	TRUSLER Bortfall av treffplasser for ungdom. Spesielt helger aldergruppe 16-20 år For mange spredt bebygde hytter kan være en trussel Konflikt med næring og friområde Bortfall av primærnæringer fortsatt trussel Kulturlandskap kan forfalle. Økt grense for momsplikt medfører bortfall av tilskudd. Økt papirflyt Krav om nye større båter innen fiskeri. Ikke flere arbeids-plasser. Handelslekkasje. Lite kulturelle aktiviteter Hytter og fritidseiendommer Krav om økt antall og størrelse Mangelfull kontakt sosialt Forsøpling i landbruket Uestetisk nærmiljø Ikke livsgrunnlag i landbruket Gjenngrodde stier Sentral politisk overstyring
SVAKE SIDER Manglende fritidstilbud for voksen ungdom (menn) For få ildsjeler For dårlig oppbakking av de ild-sjeler som fins. Dårlig tilbud til uorganisert ung-dom Få arbeidsplasser Janteloven Isolasjon for nyinnflytta Hus eies av utenbygds slekt Byg-ningene fungerer som fritidsboliger Liten fagkompetanse i landbruk Næringssamarbeid ikke tilrettelagt Ikke båtplasser	Utvikle nye områder innen land-bruk Utnytte gjennomgangstrafikk 	SATSINGSOMRÅDER Mer folk! Arbeidsplasser Trygge, gode oppvekstvilkår Markedsføring av Bokn Generasjonsmøtesteder, -"gjennompliving" Tone ned fokus på næringsutvik-ling i forhold til å være en god "Bo-kommune" Større vektlegging av helsefore-byggende tiltak i befolkningen Bedre pendlerruter. Mer fysisk aktivitet skole og barne-hage. Fleksitid barnehage Interkommunal fagkompetanse og veiledningstjeneste
		Kontakt med Sjøfartsdirektoratet. IT-opplæring for voksne Rogfast-må være forberedt på til-flytting

Foreslåtte satsingsområder:

Det gode liv i Bokn



Fritidsaktivitet/produksjon Veving Rosemaling Dreining Strikking Hekling Honning Lefser Kjøttproduksjon Fisk Skalldyr Egg	Hvorfor? Positiv hobbyaktivitet gir trivsel Ivaretar lokale håndverks-tradisjoner Anerkjennelse i lokalsamfunn 	Hvordan? Lokal Kursing Fast lokale for salg Salg sommermarknad Finne ildsjeler Organisere/samkjøre Bruke lokal organisasjoner Samarbeid m/Bjoa eller annen småindustri Gode produkter/godt betalt Tilskuddsordninger for å stimulere Kommunen må være positiv medspiller
Ta vare på båt/sjømiljø Tradisjoner God oppvekst Sosialt miljø	Hvorfor? Tiltrekke nye beboere Beholde et godt sjømiljø/utvikle perler Utvikle godt oppvekstmiljø gjennom sjønære aktiviteter Turisme for å opprettholde næringsgrunnlaget for butikkene.	Hvordan? Lage perler/Oppruste havne-områdene til estetisk innbydende miljøer/Rydding Finne ildsjeler Båtplasser til alle som ønsker det Ta vare på bygningsmasse/kaier, etc. Opprette tilskuddsordninger for å stimulere Kommunen må være positiv
Reint nærmiljø Bort med skrotet Fjerne "miljøbomber"	Hvorfor? Viktig for trivsel og god opplevelse av nærmiljøet. Oppdra barn og unge-Verdier Gjøre det kjent i området rundt oss-God reklame Stimulere til økt innssat, flere besøk.	Hvordan? Gedigen ryddeaksjon.Gratis i første omgang Arbeidsgruppe som tar kontakt med "syndere" Eventuelt bruke bygdeservice til oppdrag Holdningsskapende arbeid i skole og barnehage, Bygdabladet Plante rund kommunale bygg, innfartsveier Støyskjerming mot hovedvei.
God opplevelse av naturen vår Samhold, inkludere nye innbyggere Nytte lokal arbeidskraft bevisst	Hvorfor? Kort vei til arbeid Dugnadsånd Gode kulturtilbud Det gode liv i Bokn (nye Bærum) Båt- og sjømiljø Reint nærmiljø	Hvordan? Treffsteder Harmoni Positiv jante Forebyggende helsearbeid God formidling/gode ambassadører Ta mer vare på faste innbyggere enn hyttefolk Tilhørighet Røtter



Hvordan kan vi øke bosettingen?

Informasjon om barn sine fortrinn
Samarbeid med reiselivs-næringen om informasjon
Utvide markedsdag med utflukter Boknafjell, fiskekonkurranse, salg av lokale produkter.
Sende referat/bilder til avisene om positive tiltak i Bokn.
Alle må snakke positivt om Bokn!
Naboer må be inn nye til kaffe, "ta de inn i varmen"

"Sjøhustreff" i Norge Rundt.
Info på internett med linker til Bokn via andre sine hjemmesider (STATOIL)
Levende bilder på internett.
Markedsføring
Trygge oppvekstvilkår
Natur
Barnehageplasser
Trygge oppvekstvilkår
Fritidstilbud
Sentral beliggenhet
Jobbmuligheter
Båtplasser

Skaffe båtplasser privat og felles i Føresvik og Hålandssjøen
Grunneierforhold må avklares i Føresvik+utarbeide reguleringsplan.
Moloanlegg i Hålandssjøen.
Må bygges som Spleiselag.
båtfolk, grunneiere, kommune
Større naust 50-70kvm. Legge vekt på byggematerial, takvinkler og vindu osv.
Legge til rette for båtgarasjer.

Terasseleiligheter



Hvorfor?

Sentral beliggenhet
Livsløpsstandard
Båtplasser i marina
Gir ledige hus
Vil føre til økning i innbyggertallet
Springbrett til å etablere seg i Bokn
Tilbud til nyetablerte og eldre.
Lettstelt
Kan ha vaktmester
Kan bygges til overkommelig pris.

Hvordan?

Plassering på Knarholmen eller Øyren (beliggenhet ved sjøen)
Selges av entrepenør
Må markedsføres gjennom reportasjer i diverse media.
Bruke kjente som jobber i de forskjellige mediene.
Skryt
Anbefaling til venner
Markedsføring gjennom entrepenør.

Spredt bosetting



Hvorfor?

Øke innbyggertallet
Gir valgmuligheter
Få tilbake utflyttere
Kan gi nærhet til oppvekststed
Bo nær natur som gir frihet, trivsel

Hvordan?


Gi dispensasjoner
Regulere små felt.
Ta vare på naturressursene.
Markedsfører overfor Sjøfartsdirektoratet.
Bra kollektivtransport.
T-samband og Rogfast
Politisk vilje.
Gir tilknytning til gard og mindre felt.
Bruk av naturressurser

Gi plass i fellesskapet

Trenger nye ressurser	Hvorfor? Trivsel Etablering Blir boende Trygghet	Hvordan? Utnytte infrastrukturen Opprettholde lokalsamf./organisasjoner. Handel/næring Innbyggertilskudd Nye ideer
Gi plass i fellesskapet	Inviter nabo til treff Ta vare på de som bor (moderne eldre) Dra nytte av dem	Uformelle treffplasser Folk kan stoppe og drøse Bord og benk 1000 års plass Bord,benker Boknafjell+ kikkert Båthavn Vågholmen og Klepp Turstier
Velkomst Kakebesøk, inviter eller gå Naboplikt, oppfordring i Bygdabladet	Informasjon om tilbud Omvisningsdag v/velforening Velkomstbrosjyre (Lag,organisjon,næring+ kommune)	Kulturkalender Som oppslag hver måned

Lokalhistorisk orientering

Felles identitet Bevisstgjøring på egenart Lokal kunnskap 	Hvorfor? Gjøre integreringsprosessen lettere for innflyttere (skape identitet) 	Hvordan? Lokalhistorisk forening Karmsund folkemuseum Mållaget Ta vare på lokal dialekt (kunnskap om lokal dialekt) Arkeologisk forening Skule Barnehage Bokn Bygdablad Møter Seminar Foredrag Temadag Skilting(oversiktskart) Off. Informasjon.
---	---	---



**I neste blad:
Sammendrag fra
konferansen 6. mars**



Den smilende rasen

Kari Hetland



Som en av få kjøttfeprodusenter i Bokn driver Kjell Terje Bryningsland med rasen Hereford. Tilnavnet "den smilende rasen" har dyra fått fordi de skiller seg ut med sitt vennlige og rolige gemytt.

En sjelden gang kan det faktisk forekomme at en okse av rasen har litt temperament. Da Bryningsland opplevde det selv en gang var ikke veien lang til slakthuset. Oksen veide bortimot 1 tonn (levende vekt) og slaktevekt var på hele 470 kilo. Så her er det snakk om både størrelse og krefter.

- En okse du ikke kan snu ryggen til kan skape store problemer. Jeg har jo også avløser og da må dyra være til å stole på, sier Bryningsland til Bygdabladet. Han kjøpte 8 dyr i 1997 fra en besetning i Østfold.
- Da jeg så de rolige, fine dyra var jeg solgt, de måtte jeg ha, sier Bryningsland. Og ikke lenger etter var dyra i bil på vei til Bokn.

De store muskelbuntene stammer opprinnelig fra Skottland, der de vandrer rundt på nøysomme beiter. Det er en lettstelt drift å drive med disse dyrene. Mesteparten av året går de ute og dyra kultiverer beitet godt. Det er ikke mye vegetasjon som unngår det nøysomme dyret. Lyngbeiter og bjørketrær får sitt. Flokken trenger ikke lang tid for å sette tydelige spor etter seg.



Hereford-rasen går ute mesteparten av året.


Bryningsland forteller at han forer ekstra vinterstid. Siloforet har han slått selv med minimal tilsetning av syre (GrasAAT). Dette for at sluttresultatet, slaktekjøttet skal være mest økologisk. Helt økologisk kan det ikke bli fordi når dyra går ute får han ikke gjøre nytte av gjødselet på grasavlingen. Gjødselet sprer de selv på lyngtuene, det som skulle vært på gras.

- Forbruker vet å sette pris på dette kjøttet, sier han og forteller at han har ventelister på folk som vil kjøpe kjøtt ved slakt.

- Jeg leverer fra Kristiansand til Bergen, og har faste kunder som bestiller et helt dyr om gangen. Har også levert til Ål i Hallingdal og fikk tilbakemelding fra en kokk på et hotell der oppe om flott kvalitet og at kjøttet var spesielt fint partert. Det siste skal Fatland,

Ølen ha æren for.

Kraftfor, som er vanlig med blant annet Norsk Rau Fe (NRF), blir gitt kun ved kalving. Dette for at melkeproduksjonen på kua skal komme godt igang.



Mor med todagers gammel kalv.

- Grunnen til at kraftfor brukes i svært liten grad er at rasen Hereford lett utvikler for mye fett, noe produsenten får trekk for og mindre pris ved levering til slakt, sier Bryningsland.

Dyrene hentes på lastebil så all slakting, partering, mörning og pakking skjer innenfor slakteriets standard rutiner, veterinær og næringsmiddeltilsyn kontrollerer kjøttet.

Mor og barn - ammeku

Med våren er det også kalving i flokken til Bryningsland. Kua får ved toårs-alder sin første kalv. Siden hovedføden er morsmelk og gras og dyrene beveger seg ute hele tiden, oppnås en god marmorering av kjøttet, og slaktet blir dermed av meget bra kvalitet. Pr. 29. mars er det kommet 7 kalver, men det er fremdeles 10 kyr som skal kalve. Besetningen blir på 42 dyr når kalvingen er ferdig. Bryningsland våker godt over flokken sin og det blir en tur til dagen i lyngheiene for å se etter dem nå i kalvingen.

- Som oftest går dette greit, sier han. Kvigene (første gangs kalving) må han holde et ekstra godt øye med. Men det er som oftest likt med andre kjøttfe.

Morsinstinket til kyr av denne rasen er god. Kua passer godt på kalven sin og det er sterke bånd mellom mor og barn, ettersom kalven går med mora til den er ca. 6 - 9 mnd. Men da er det desto verre da dagen kommer og kalven skal skilles ifra. Da går det bortimot to dager med rauting og savn etter hverandre. Kalvene får litt kraftfor i denne perioden. Det er for å styrke kontakten til mennesker.

- De kan lett bli litt folkesky når de går mye med mora og derfor er det viktig at båndet til meg blir styrket, avslutter Bryningsland

Framtidas kommunestruktur

- kommunar med ansvar for eiga utvikling -

Jan Erik Nygaard

Kommunane blir utfordra til å gi innspel og debattere kor hensiktsmessige eigne kommunegrenser er, og kommunane skal sjølv ha stor påverknad på dei endelege konklusjonane som seinare vil bli gjort av Stortinget.

Bakgrunn og målsetting:

På Haugalandet pågår det for tida ein debatt om stor-kommune på Haugalandet. Dette skjer samtidig som Kommunenes Sentralforbund, KS, og Regjeringa har inngått ein samarbeidsavtale der kommunane blir utfordra til å gi innspel og debattere hvor hensiktsmessige eigne kommunegrenser er. Bakgrunnen for at KS nå sett seg i førarsetet i kommunestruktur-spørsmålet, er ynskjet om å legge premissar for ei utvikling som vil prega kommunesektoren i åra som kjem.

Målet er å ha kommunar som i framtida evner å utføre dei kommunale oppgåvene på ein god og effektiv måte til beste for innbyggjarane. Ein ser også i framtida kommunane som den viktigaste velferdsytar, samfunnsutviklar og som lokaldemokratisk arena.

KS har tatt ansvaret for å leia prosessen i kommunane der innspel og debatt knytt til utvikling av konkrete og sannsynlege inndelingsalternativ blir vurdert som eit virkemiddel for å møte dagens og framtidas utfordringar.

Kva skjer i Rogaland

Alle kommunar i Rogaland skal inviterast til innspel og debatt knytta til:

- Mål for framtidas kommunar
- Utvikling og vurdering av konkrete inndelingsalternativ som kan være robuste i forhold til framtidige behov.

Vidare skal alle kommunar i løpet av våren 2005 foreta ei balansert vurdering av konklusjonane i prosjektet.

Prosjektet gjeld altså ikkje bare dei minste kommunane, men samtlege kommunar i landet.

Matz Sandman, som er leiar av den sentrale styringsgruppa i KS, innleia om saka på oppstartsmøtet i Rogaland Fylke. Der uttalte han at han likte dårlig at «det blir hakka og hakka på de små kommunene.» Han påpeikte vidare at det ikkje er dei (småkommunane) som er minst effektive eller som er årsak til den dårlige kommuneøkonomien. Men legg til : "Basistilskuddet deles ut slik at Bokn og Stavanger får den samme summen. Ingenting tilsier at det vil fortsette i framtida, nå som driftsresultatet er i ferd med å passere null og havne i minus," advarer han.

Styringsgruppe

Prosjektet blir leia av ei styringsgruppe som består av heile styret i KS Rogaland. I tillegg deltar ein representant for Fylkesmannen i Rogaland og leiar av rådmannsutvalet, rådmannen i Sandnes - som også er valt til leiar av styringsgruppa.

Styringsgruppa skal godkjenne prosjektplanen, gi føringar for arbeidet, godkjenna høyringsdokumentet

og foreta en balansert oppsummering og anbefaling av konklusjonar når desse skal oversendast til KS Sentralt.

Rådmannsgruppe som prosjektgruppe

Arbeidet skal utførast av ei rådmannsgruppe som med sin lokale/regionale kompetanse skal ivareta heile Rogaland på ein god måte. Rådmannsgruppa vil vere ansvarlig for gjennomføringa av drøftingsmøtar med/ mellom kommunar.

Vidare arbeid med prosjektet

Som eit utgangspunkt for det vidare arbeidet skal ein gjera eit val av framtidsbilde for kommunane - eit framtidsbilde med utgangspunkt i dei mål som blir sett for framtidas kommunar.

Vurdering av valte framtidsbilde blir i hovudsak gjort av eit utredningsmiljø.

Det blir lagt til grunn at dette utredningsarbeidet skal vere tilnærma fullført i løpet av januar 2005. I løpet av februar 2005 skal gjennomførast ei rekke presentasjonar og drøftingar av materialet slik at evt. suppleringar kan bli foretatt før styringsgruppa sender dette ut til høyring.

Alle kommunar skal foreta ei vurdering av dei utreda framtidsbildene i løpet av mars-mai 2005.

Høyringane frå kommunane skal oppsummerast, og det skal bli foretatt ei anbefaling før dette blir oversendt til behandling sentralt. Det blir lagt til grunn at styringsgruppa foretar endelig behandling av resultatet i mai-juni 05.

Kva skjer i Bokn kommune og på Haugalandet?


Bokn formannskap har gitt si tilslutning til at kommunen skal delta i det arbeidet som no blir gjort i Rogaland om framtidig kommunestruktur.

For Bokn kommune vil det parallelt med dette arbeidet kunne vere naturleg å føra samtaler med Tysvær kommune om ei utredning om kva konsekvensar ei eventuell samanslutning av desse kommunane vil kunne få.

Kva det arbeidet som no skal gjerast, vil medføre av endra kommunegrenser på Haugalandet kan det vere vanskeleg å seie noko konkret om i dag.

Konklusjonen kan bli alt frå kommunegrensene som i dag, alternativt at Tysvær og Bokn går saman som ein kommune, at det blir 3 eller 4 større kommunar på eller at det blir ein storkommune på Haugalandet.

Med det kommunestrukturprosjektet ein no har starta opp med, er det lagt opp til at kommunane sjølv skal ha stor påverknad på dei endelege konklusjonane som seinare vil bli gjort av Stortinget på eit eller anna tidspunkt etter 2005.



Lesarar er velkomne med meningsytringar om ny kommunestruktur

- redaktøren -

Stor interesse for lokalhistorie

Reidar Alvestad

Mellom 30 og 40 personer møtte opp på Bokn historielag sitt årsmøte den 8.mars i år.

Om det var marinarkeolog Endre Elvestads foredrag om funn av fjøremannstufter sør på Vestre Bokn i fjor, eller ei generell oppblomstring av lokalhistorisk interesse som gjorde utslaget til at så mange møtte, er ukjent. Men det gir i alle fall godt mot hos dei som arbeider i historielaget at så mange møter opp.

Stor samling tufter

Utanom Hvaler i Østfold, er det i området sør på Bokn det er funne flest tufter etter fjøremannsbuer her i landet. Sist i august i fjor gjorde Stavanger sjøfartsmuseum i lag med Stavanger dykkerklubb og Engøyholmen kystkultursenter marinarkeologiske undersøkingar av tufteområda sør på Vestre Bokn.

Tuftene finst i i området rundt heile Hognalandsbasenget, men mykje er lokalisert sør på Are, i viker som gir gode hamner for mindre fartøy. Men i heile området på gardane Are, Jøsen. Vatnaland, Sunnaland, Jøsen, Hognaland og Loden er det registrert tufter, i fylgje den rapporten som marinarkeolog Endre Elvestad har utarbeidd.

Heile denne rapporten er attgjeven i Bokn Bygdablad hausten 2003, og det var med bakgrunn i dette arbeidet Endre Elvestad orienterte omkring dette emnet.




Desse 3 fiskesøkkene vart funne under dei marinarkeologiske undersøkingane i august i fjor. Det eine i eit smalt sund mellom Arneset og Avløybet, det andre litt nordvest utafor sundet og det tredje i ei lita bukt ved det sørlegaste tuftekomplekset i Hognåsvika.

I og med at heile rapporten stod i Bygdabladet i 2003, vil ein ikkje ta dette om att her, men berre nemna at det til saman er funne over 130 tufter i området sør på Vestre Bokn. Reknar ein at det kan ha budd rundt 4 i snitt i kvar av desse, betyr det over 500 menneske til saman. Altså eit heilt fiskevær.

Sildefiske

Marinarkeolog Endre Elvestad seier til Bygdabladet at det er mest sannsynleg at desse fjøremannsbuene vart brukte i tidsrommet rundt 800 - 12/1300-talet, men at det er vanskeleg med nøyaktig å fastslå tida. I alle fall må det ha foregått eit stort sildefiske i området, og dette må ha danna grunnlag for stor eksport av sild til andre land rundt Nordsjøen.

Silda vart eksportert som lettsalta, eller røykt og tørka. Difor må det ha vore organisert ein slags "bearbeidingsindustri" for å få dette arbeidet utført. Det finst også funn etter bryggeanlegg i området kor ein trur det har kome litt større båtar for å ta om bord bearbeidd sild for eksport.



Marinarkeolog Endre Elvestad viser ein av stadene dei fann tufter.

Når det gjeld sjølve fjøremannsbuene, trur ein at dei største har vore oppbygde som lafta hus, medan dei mindre kan ha vore enklare med eit slags tre- eller skinntak. Det må bli foretatt undersøking av eit par av tuftene for å kunna seia meir om korleis dei var oppbygde og såg ut.

Aktiviteten som må ha vore i området, kan kasta eit nytt lys over både maktforhold og økonomiske forhold. Lokale høvdingar kan i vikingtid ha basert deler av det økonomiske grunnlaget sitt på sildefiske, noko som kan ha vore avgjerande for å halda på makta.



Ein del av tilhøyrarane p historielaget sitt årsmøte den 8.mars.

I mellomalderen kan aktiviteten ha vore det som skulle til for å forklara handelsverksemda på Avaldsnes på 1200-talet. Etter kvart vart det ei kopling mellom kyrkje, kongemakt og fiskerier når det gjeld økonomi og maktforhold.

Årsmøte

Etter det interessante foredraget var det matøkt, og deretter vart årsmøtet avvikla. Leiar Sigvart Våga las årsmeldinga, og kasserar Eivind Øvrebø la fram rekneskap for 2003.

Laget tel 22 medlemmer fordelt på 4 ulike grupper: Kulturhistorie, jordbruk, fiskeri og kvinnehistorie. Gruppa for kulturhistorie og jordbruk har alt kome i arbeid, medan dei andre skal starta opp. Kulturhistoriegruppa la fram ein plan for eiga kulturhistorie for Bokn, og skisse for ei slik bygdebok. Dette vil kunna bli ei bok på rundt 465 sider som vil trenga 2,5 årsverk for å kunna realiserast. Kostnaden vil bli i overkant av 1 million kroner.

Ordførar Svein Ove Alvestad var også ein av møtedeltakarane, og sa at han sette pris på at det var eit historielag som arbeidde med planar om kultursoge. Sjølv om han ikkje kunne lova kommunale økonomis-

ke midlar nå, var han open for å drøfta dette så snart historielaget fekk planane om kultursoge på sakskartet.

Historielaget har hatt 3 styremøter og 3 medlemsmøter i 2003. På medlemsmøtene har Inge Særheim, Svein Ivar Langhelle og Birger Lindanger vore foredragshaldarar. Møtene har trekt bra med folk.

Styret i 2003 har vore Sigvart Våga - leiar, Solveig Ellingsen - nestleiar, Eivind Øvrebø - kasserar, Annette Bokneberg - sekretær, Arne Øvrebø - styremedlem.

Varamedlemmer: Liv Vatnaland, Kjell Blikshavn og Linda Ognøy. Dei i styret som var på val, vart attvalde.

At tema om fjøremannstuftene var interessant, viste den store tilstrøyminga til møtet. Faktisk så var det møtedeltakarar heilt frå Stord, pluss eit par medlemmer frå historielaget på Rennesøy.

Bokn musikkorps informerer

Ove Alvestad & Jardar Havikbotn

Jubiléet 29. og 30. mai 2004

Det har vore vist stor interesse for jubileet og mange av dei som fekk invitasjon har meldt seg på. Jubileumskomiteen er klar over at ei heil rekke tidlegare musikantar og tillitsvalde ikkje fekk direkte invitasjon, dette på grunn av manglande medlemslister. Likevel er det og ein del som har teke kontakt for å melde si interesse. **Vi vil gjere det heilt klart at alle som har delteke i korpset, eller i frivillig arbeid med korpset, er inviterte til jubileet.**

Opninga av feiringa vert laurdag klokka 12.30 på Bokn skule. Etter formell opning og musikk ved Bokn Brass vert det leikar og aktivitetar for barn og vaksne både ute og inne. Dette vert eit høve for alle til å treffe gamle kjende og drøse med kvarandre. Det vert sal av mat m.m. Tidlegare musikantar og dirigentar vert utfordra til, etter ei kort øvingsøkt, å opptre for publikum på slutten av dagen. Arrangementet er berekna å vare til omlag klokka 16.00. "Dragonfly", ei cheerleading gruppe med tidlegare korpsmedlem som deltakar, vil opptre med 'stunts' og heiarop. Heile arrangementet vil ha ein uformell karakter med vekt på at alle, men særleg dei yngste, skal trivast. Vi kjem attende til detaljane i programmet og ser for oss nokre overraskingar utover det som her er nemnt. Arrangementet er gratis og ope for alle.

Vaksenfesten om kvelden vert lukka og for dei over 18 år som har vore eller er med i korpset. Her vert det servert reker med "tilbehør". Gamle heltar (og tidlegare korpsmusikantar) i dansebanda 'Felix' og 'Rapido' vil vere med å skape god, men uformell stemning saman med andre spelemenn. På grunn av avgrensa plass/innkjøp av mat og drikke vert det eiga påmelding til dette arrangementet.

Billettar kostar kr 150 og kan tingast på tlf. eller e-post:

52748534 (Anita)
52748284 (Torunn)
jschmeichler@bokn.kommune.no
o-alvestad@online.no

innan 10.mai. Dersom det er plasser att vert billettar til desse selde ved opningsarrangementet.

Søndag klokka 11.00 vert det gudsteneste i Bokn kyrkje der Skulekorpset vil medverke.

Jubileumskonserten søndag klokka 15.30 vert det musikalske høgdepunktet under feiringa. Her vil begge korpsa opptre kvar for seg og samla. Musikalske overraskingar og perler vil kome tett. I tillegg vert det tale, prolog og rom for helsingar. Det vert utdeling av jubileumsmedalje til aktive musikantar. Kaffi og kaker. Dette arrangementet er gratis og ope for alle.

Skulekorpset deltok på Småkorpskonkurransen i Førde 28. mars.

Tevlinga var ein såkalla underhaldningskonkurranse der ein kunne oppnå 100 poeng for den musikalske prestasjonen og 50 poeng for underhaldnings-verdien. Det siste prioriterte ikkje Bokn denne gong og havna på ein 9 plass blant dei 10 som var med.

- Musikantane var litt skuffa over plasseringa, for dei syntest dei spelte bra, seier dirigent Lillian Grønnestad.

Men ho legg til at det heile gav meirsmak, og målet om å styrka den musikalske kvaliteten og motivasjonen i korpset blei oppnådd.

- Eg var heller ikkje klar over at korpsa fekk heile 50 poeng for å halda show.

At korpset spelte bra blei bevist då dei fekk 86 poeng av dei 100. Hadde det ikkje vore for underhaldningsverdien ville dette resultert i ein femteplass.

Bokn skulekorps, som var det minste korpset i tevlinga (16), spelte forutan ein marsj "Tema frå James Bond". Musikantane har jobba ein del med desse stykkene dette semesteret, hatt seminar og hjelp av dirigent for Stangaland Brass, Hans Knut Skår jr.

Kven som helst kan delta på Småkorpskonkurranse, både brassband og janitsjarkorps - barn og vaksne. Kan-skje det er noko å vurdera for Bokn Brass.

- Me får laga meir show til neste år, viss me ikkje deltar i ein annan konkurranse då, avsluttar Lillian.

Det er ingen tvil om at desse tevlingane er svært nyttig for korpsa, men det er viktig at kritikken er konstruktiv slik at musikantane kjem styrka ut av det.

Bokn mista 21 arbeidsplasser

Reidar Alvestad

Både Bokn kommune og nabokommunane arbeider det dei kan for å få nye arbeidsplasser til distriktet. I dette arbeidet må ein ikkje gløyma å hjelpa til med å oppretthalda dei arbeidsplassene ein alt har.

Mange føler kanskje at det kunne vore gjort ein større innsats på dette området når ein ser kor vanskeleg det er å tiltrekkja seg nye arbeidsplasser. Fiskeforedlingsindustrien langs norskekysten har hatt tronge tider. Nå har det ramma Bokn Fiskemottak A/S som er slått konkurs.



Bokn kommune eig fiskemottaket sitt bygg i fiskerihamna

Kommunen eig bygget

Rådmann Jan Erik Nygaard fortel til Bygdabladet at for å dempa det økonomiske presset på verksemda, så kjøpte Bokn kommune for eit år sidan bygget til Bokn Fiskemottak A/S. Slik sett har kommunen både nå og tidlegare vore med på ulike tiltak for å sikra drifta. Utanom sjølve bygget eig kommunen frå før tomta og kaien. Også faste innstallasjonar høyrer til bygget, medan inventar og driftsmidlar tilhøyrer fiskemottaket.

Konkurs

Bokn Fiskemottak A/S er nå slått konkurs av skifteretten. Årsaka er at bedrifta hadde meir gjeld enn verdier. Lønnsгарantifondet trer då inn for dei tilsette arbeidarane når det gjeld uteståande løn og feriepengar som vil bli utbetalt. Dei tilsette utanom leiinga vil få utbetalt det dei har til gode.

I og med at det ikkje finst midlar i buet til å gjennomføra konkursbehandlinga, blir bedrifta tilbakeført til styret. Det betyr at styret har ansvar for å selja eigedelene i verksemda i nært samarbeid med SR-Bank som er panthavar. Dei bokførte verdiane på utstyr er kr. 900.000,-.

Ny start?


Rådmann Jan Erik Nygaard seier at kommunen synest det er eit stort tap av arbeidsplasser som ramar Bokn, og særleg dei 21 personane som hadde arbeidet sitt ved bedrifta. Av desse var 9 frå Bokn, dei fleste kvinner. Kommunen ynskjer å få etablert ny aktivitet i lokala, og vil arbeida for at ein får vidareført

næringsaktivitet i bygget, aller helst den type aktivitet som har vore tidlegare. Ein ynskjer å koma i kontakt med enkeltpersonar eller bedrifter som kan tenkja seg å starta opp att verksemda, slik at dei tilsette kan få nytt arbeid her. Men det er mange føresetnader som må bli innfridde for at dette skal bli realisert, og i skrivande stund er det ingen interessentar.

Bokn Fiskemottak starta i 1987, og har i desse 17 åra vore ein god arbeidsplass for mange. Bedrifta vart også ramma av ein konkurs i 1993, men kom igong att. Gjelda nå er rundt 3 millionar kroner, med bokførte verdier på nesten 1 million.

Mangel på lokale arbeidsplasser

Elisabeth Taraldlien har hatt arbeid i produksjonen på fiskemottaket frå 1988—1995. Seinare har ho hatt arbeid der frå 1999 og fram til konkursen nå i 2004. I 1999 var ho først vikar ei tid som produksjonssjef, seinare har ho vore HMS-ansvarleg. I og med at ho og ektefellen har etablert seg på Bokn med hus og to barn, synst ho det blir travelt om både ho og ektefellen nå må pendla ut av kommunen på jobb. Ektefellen har jobb i Frakkagjerd-området, og sjølv søkjer ho på nye jobbar. Problemet kan bli ein travel og hektisk kvardag dersom dei begge skal pendla ut, samtidig som dette skal passa med opningstider for barnehagen.



Elisabeth Taraldlien har hatt arbeid ved Bokn Fiskemottak i 10-12 år. Ho synst det er svært beklageleg at 21 personar nå har mista ein god arbeidsplass.

Ho seier det er svært viktig å halda på dei lokale arbeidsplassene som fins i kommunen. Det er positivt at ein prøver å samarbeida om nye arbeidsplasser i regionen, men ein skal hugsa at for småbarnsforeldre kan det bli ein veldig travel kvardag for å få alt til å klaffa dersom ein må pendla langt. Difor er det for desse gruppene ein stor fordel å ha arbeidsplassen på heimlassen eller nokolunde nær.

Vidare utdanning og arbeid

Sjølv om Elisabeth Taraldlien nå alt har søkt på andre jobbar, innser ho at ho må tenkja på vidare utdanning dersom ho skal kunna arbeida i lokalmiljøet. Ho har tatt eit år sosialpedagogikk, og kan tenkja seg lærarutdanning.

Men tida får visa kva det blir til. Akkurat nå held ho og ei anna dame frå fiskemottaket på med førebuing for å ta fagprøve innan fiskeindustrifaget. Dei vil ikkje gi opp håpet på at det kan koma ny drift av eit eller anna slag i bygningane i fiskerihamna.

Usikker bransje

Elisabeth Taraldlien føler for tida at ho er i eit slags vakum. Ho synest det er svært trist og tungt for alle

involverte at bedrifta ho jobba i er gått konkurs, men ho kan ikkje sitja og venta på at det skal reetablerast ei ny bedrift der, sjølv om det er det ho ynskjer. Ho ynskjer arbeid i eller så nært Bokn som muleg når ho har mindreårige barn.

Sjølv om ho forsto at bedrifta sleit, såg ho at dei kom gjennom dei vanskelege tidene, og trudde dei ville ha livets rett, og at det var ein sikker arbeidsplass. Men arbeidsstokken blei permittert den 5 januar, og oppsagd den 9. mars. Og det er ikkje berre her i Bokn at denne typen bedrift har måtta gi opp.

Greie arbeidsforhold

Bedrifta har hatt ein samansett arbeidsstokk, både når det gjeld aldersfordeling og nasjonaliteter. Mange med utanlandsk bakgrunn har pendla inn frå andre kommunar og jobba her. Sjølve arbeidet i ein slik bedrift er hardt og krevande. Likevel hadde dei ein lett tone seg imellom, og lite sjukefråver. I Haugaland HMS sitt interne blad vart dei før ei tid sidan omtala fordi dei berre hadde eit sjukefråver på 2,5%. For dei eldste i bedrifta kan det vera vanskeleg å få seg nytt arbeid dersom det ikkje blir noko ny verksemd i lokala etter konkursen.

Alle tilsette har fått hjelp når det gjeld dei rettane dei har til lønnskompensasjon i oppseiingstida og ev. anna uteståande løn og feriepengar. Dei må også melda seg ledige ved aetat om dei vil ha arbeidsløysetrygd og søkja anna arbeid.



Elisabeth Taraldien ser gjerne at nokon kan få bedrifta i gong igjen etter konkursen, evt. med andre oppgåver. I så tilfelle trengst det nok ei oppussing av bedrifta etter 17 års drift.

Dødsulykke ved Arsvågen

Kari Hetland

Stillheten var til å ta på etter dødsulykka like nord for Lauplandsbrua om ettermiddagen 25. mars.

Det var et uvanlig og tankefullt "scenebilde" å se brua over en bølgefri våg full av trailere og en enslig brannbil. Alle stod helt stille. Det hadde skjedd en frontkollisjon mellom en trailer med stålkonstruksjoner på vei nordover til Haugesund og en varebil på vei til ferjeleiet. Føreren på vei sørover mistet livet.

Bygdabladet var i kontakt med operativ leder på ulykkesstedet, Trond Børge Åsbu fra politiet, og han kunne fortelle at føreren i vare bilen ble drept momentant. Åsbu kunne ikke si med sikkerhet om det var frontkollisjonen eller om det var inntruffet et illebefinnende før sammenstøtet som gjorde at føreren døde.

Trailersjåføren ble sendt til legesjekk. Han kom fysisk uskadd ifra ulykken. Åsbu kunne til slutt si at det ikke var mistanke om stor hastighet.

Etter bremsespoene i veibanen har traileren prøvd å avverge sammenstøtet.

Både brannvesen og ambulanse fra Bokn var raskt på stedet og deltok i redningsarbeidet.



Øverst: Semitraileren fikk store skader.

Nederst: Ferjetrafikken ble et par timer etter ulykka omdirigert via "gamleveien" til Are.

Kulturkalenderen - nye arrangement/forandringar blir utheva kvar gong

- daglege oppdateringar i nettutgåva -

APRIL

- 08. Bedehusmøte ved Frelsesarmeen kl. 19.30
- 09. Gudsteneste kl. 11.00
- 11. Gudsteneste kl. 19.00
- 12. Dans på skulen - arr. Bokn idrettslag
- 14. Alpha på Bedehuset kl. 19.00
- 15. Soknerådsmøte kl. 19.00
- 16. Kino i Auditoriet
- 18. Sundagsskulestemne i Moster Amfi
- 18. ABR-senteret på Bedehuset
- 22. Kontaktmøte på Bedehuset
- 24. Kampen om Vikingskipet
- 25. "Vårsleppet" -arr. Bokn idrettslag
- 25. Gudsteneste kl. 19.00 - Konfirmantfest
- 27. Formannskapmøte
- 28. Barnetime kl. 17.00 på Biblioteket
- 28. Sjømannsbasar på skulen
- 29. **Bokn pensjonistforening i Allrommet. Start i Auditoriet kl. 16.00, der Jan Kåre Ness har lysbildekåseri frå Haugalandet - arr. Biblioteket/Pensjonisten**

MAI

- 02. Gudsteneste kl. 11.00 - Konfirmasjon
- 02. Søndagsridning på Ognøy, kl. 14.00 - 16.00, arr. Bork
- 09. Bokn sundagsskule på Bedehuset kl. 10.30 - 11.15
- 09. Normisjon på Bedehuset
- 14. Kino i Auditoriet
- 14.-
- 16. **Famileleir på Sandbekken, arr. Bork - sjå s. 21**
- 15. **Dans på skulen, 15 år - arr. Bokn Røde Kors & Bokn idrettslag**
- 17. Gudsteneste kl. 10.30
- 27. Bokn pensjonistforening i Allrommet kl. 16.00
- 27. Muslimmisjon på Bedehuset
- 29. **Bokn musikkorps 40 år - open dag på skulen kl. 12.30 - 16.00/Vaksenfest om kvelden, sjå info s. 11**
- 30. **Bokn musikkorps 40 år - Jubileumskonsert kl. 15.30, sjå info s. 11**
- 30. **Gudsteneste kl. 11.00 Bokn/Tysvær - Skulekorpset**

JUNI

- 01. Formannskapmøte
- 03. Soknerådsmøte kl. 19.00
- 04.-
- 06. Speidartur til Vågholmen
- 05.-
- 06. Kretsleir for ulv og meis på Blikshavn
- 06. Søndagsridning på Ognøy, kl. 14.00 - 16.00, arr. Bork
- 06. Gideon på Bedehuset
- 13. NLM på Bedehuset
- 15. Kommunestyremøte
- 19. Bokn musikkorps reiser på tur
- 20. Gudsteneste kl. 11.00

JULI

- Fjelltur, arr. Bork
- 31.-
- 06.08 Speiderkretsleir i Suldal

AUGUST


- 27. Kino i Auditoriet
- 29. **Distanseritt, Ognøy - arr. Bork**

Me gratulerer!

Hilser til Margunn Taraldlien, vår eminente mor, svigermor og bestemor, som ble noenogfemti torsdag 11. mars.

Tenker du blir overrasket nå!!

Hilsen Ronny, Elisabet, Irmelin og Sunniva!!



Restaurering av "Bygningen" i Kro

Jardar Havikbotn

Jacob og Johanne-Lovise Larsen har gått i gong med vedlikehald og utbetring av huset sitt frå 1846.



I løpet av vinteren har Bernt Øvrebø foretatt utbetringar av takkonstruksjonen og sett inn dører og vindauger i kjellaren - alt etter mønster av det som har vore tidlegare. Gamle, dårlige grantrær er fjerna og forvokste lønnetre er skore ned. Dette arbeidet er utført av Bokn Bygdeservice.

Det er søkt om økonomisk støtte frå antikvariske instansar til vedlikehald og utbetring av huset. Planane vidare er førebels avhengige av eventuelle tilskot.



BOKN KOMMUNE SEKSJON SKULE

Innskriving av elevar i 1. kl. i Bokn, for skuleåret 2004/2005.

Velkomen til innskriving for 1. kl. 2003/2004 på Bokn skule
fredag 23. april kl. 09.00.

Alle barn i Bokn som er fødte i 1998 eller før, og som ikkje har byrja i skulen, skal etter §2-1 i Opp-læringslova skrivast inn.

Det kan innvilgast utsett skulestart med eitt år etter søknad frå foreldra/føresette. Likeeins er det høve til å søkje om framskoten skulestart med eitt år dersom barnet fyller 5 år innan 1. april 2004. Avgjerd om utsett eller framskoten skulestart skal takast etter sakkunnig vurdering frå PPT.

Søknadsfrist for begge er 15. mai 2004.

Det vert sendt ut innbyding til kvar elev med fleire opplysningar om innskrivingsdagen.

Velkomen til Bokn skule!

Med helsing
Ingjerd Ellingsen
rektor



Bokn idrettslag informerer

Takk Rune!!!

På vegne av idrettslaget vil jeg takke Rune Vatnaland for en beundringsverdig innsats som formann. At klubbhuset var klart for bruk så raskt er takket være Rune og den innsatsen han gjorde. Det er nok mange som hadde dårlig samvittighet når de så

bilen hans utenfor klubbhuset til enhver tid. Å overta roret etter han må jo være det samme som å hoppe etter Wirkola.

Takk skal du ha Rune.

Vaskehjelp

Er det noen som kunne tenke seg å tjene noen ekstra kroner?

BIL trenger noen som er interessert i vaske på klubbhuset etter div. tilstelninger.

Er du interessert, ta kontakt med Cliff Olaussen tlf. 915 11 022 eller Hege Sunde tlf. 906 90 309 for mer info.

Hvor ble dere av?!

På mandag 29. mars innkalte jeg til møte med foreldrene til ni og ti-åringene som spiller fotball. Problemet vårt var at vi ikke hadde trener og oppmann for dette alderstrinnet. Jeg hadde tenkt at vi sammen kunne finne en bra løsning på problemet. Desverre var det bare en av foreldrene som møtte opp og det synest jeg er for dårlig. Skal vi klare å få til idrett her på Bokn så må vi alle ta i et tak.

Info:

- For de som er interessert i å leie klubbhuset så er det Anne Mette Jøsang som er kontaktperson. Hun kan nås på tlf. 481 28 979 eller 52 74 85 56.

Priser:

- Leie av klubbhus dagtid/møter etc. kr. 500,-
- Leie av klubbhus kveldstid utover kl. 22:00 kr. 900,- medlemmer
kr. 1000,- Ikke medlemmer

NB: Styret har bestemt at husets lokaler skal være røykfrie.

- Medlemskontingent BIL

kr. 400,- fam.m/barn under 18 år
kr. 300,- Aktive over 18 år
kr. 200,- Aktive under 18 år
kr. 75,- Passiv støtte

- Bruk av treningslokalet

kr. 600,- ½ år medlem
kr. 700,- ½ år ikke medlem
kr. 1.200,- 1 år medlem
kr. 1.400,- 1 år ikke medlem
kr. 1.200,- ½ år familie medlem
kr. 2.400,- 1 år familie medlem
kr. 1.400,- ½ år familie ikke medlem
kr. 2.800,- 1 år familie ikke medlem

De som går på steppen må også betale samme kontingent som for de som bruker treningslokalet.

Nøkkelbrikke

Vi vil minne om at alle må betale et depositum på kr. 150,- for nøkkelbrikken. Dette også til påminning for de som har fått utlevert brikke. Det er også gledelig for oss i styret som har jobbet mye med huset å se at det blir flittig brukt. Fortsett med det!!!

Til de som har barn eller som selv er aktive i idrettslaget og ikke har betalt inn medlemskontingent oppfordres med dette å betale inn snarest mulig.

Info fra turgruppa:

Hver tirsdag kl. 17.00

Her kan alle være med, noen går fort mens andre danner baktroppen. Uansett er alle velkomne til en trivelig tur i godt lag.

Dato	Møtested	Tur	Turansv.
6/4	Vaulen	Varafjell	Marit Elin (52748587)
13/4	Mathias Are	Hognåsen	Åse (52748588)

Ny liste vil bli satt opp etter påske, følg med på oppslag.

Ta gjerne kontakt viss det skulle være noe du lurte på.

Håper alle får en riktig fin vår og sommer.

Med vennlig hilsen
Cliff Olaussen
Formann Bokn Idrettslag

Ridecup i Krovågen

Jardar Havikbotn

Til og med ein dansk rytter hadde funne vegen til Austre Bokn søndag 14. mars då ryttrar og islandshestar frå Nord-Rogaland og delar av Sunnhordland samla seg til ridecup på Krovågen hestesenter.


Tevlinga var den første av ialt fem ridecup'ar for islandshest i vår- og haustsemesteret. Til saman 29 ekvipasjar konkurrerte i fem ulike gangartsdisiplinar - fordelte på barn/ungdomsklassar og klassar for vaksne.

Kari Christensen gler seg over å sjå at fleire nye, yngre ryttrar har funne vegen til konkurransebanen, med gode hestar og fine prestasjonar.

Ungdomsgruppa i Faxi Islandshestforening hadde ansvar for planlegging, sekretariat- og speakerteneste, kafèdrift og rydekorp - og heldt ei stø hand om oppgåvene.

Dommar var Per Kolnes, som har status som internasjonal FEIF-dommar.

Resultatliste fra cup'en (vinnarane av kvar klasse) blir lagt ut på www.krovaagen-hestesenter.no



To av dei yngste rytterane; Steinar Clausen Kolnes på Mani og Jane Espevoll på Lil.

Migration, eit Comeniusprosjekt for 8. og 9. kl.

Bokn skule sine samarbeidsland i Comeniusprosjektet har ulike vinklingar og problemstillingar knytte til migrasjon.

8. og 9. klasse på Bokn har sett fokus på norsk utvandring til USA, og vil også ta for seg flytting til og frå Bokn i dag. Dette

arbeidet munna ut i ei utstilling på Bokn skule, og arbeidet skal også dokumenterast på nettsidene til Catch IT.

Fag i prosjektet: Engelsk, samfunnsfag, kunst og handverk, KRL, og i tillegg nokre norsktimar for 8. klasse.



Me har hatt om reisa frå Bokn til Amerika, og me laga forskjellige ting i papp.

Me laga eit produkt der vi brukte hus, båt, tog og hus med altan som dei forskjellige produkta. Me skreiv teksten vår på produkta. F. eks: Elisa skreiv på seglet på båten, Runa skreiv på Vognene på toget hu laga, Rakel og Linn skreiv på taket på husa.

Me laga frå eit hus i Noreg til eit hus i Amerika (imellom kom båt og tog)

Alle på gruppa var fornøgde med produktet, (for ikkje og nemna dei nydelege skyene Runa laga)

Rakel, Elisa, Runa og Linn



Me har jobba i grupper og lagd masse ting som dei hadde med seg og korleis dei hadde det då dei var i Amerika.

Me lagde hus og dyr og me skreiv om tre personar som hadde blitt med ombord. Så teikna me ei kjerke, som blei bygd opp når dei kom fram.

Så skreiv me og litt om kjerka. Det var ganske kjekt. Så hadde me eit kart om kor dei kom i land.

Så hadde me ei utstilling. Det var alle gruppene som hadde ei utstilling om det me hadde lagd.

Problemstillinga vår var "Kva dei hadde med seg" og "Korleis dei hadde det når dei kom fram til Amerika".

Natalie, Vivian og Anita


Me hadde om "Amerika brev".

På utstillinga brukte me eit brev som var datert 1892, sendt frå Erik Osmundsen Våga til broren Hans Osmundsen Våga Loten som dreiv garden Loten.

Me skreiv egne brev og prøvde oss på "gamal skrift" med fjørpennar som me hadde spissa til sjølv og det blei eit vellykka prosjekt.

Me brukte brev frå boka : Bucknefolket.

Kristiane, Kjetil, Ivar og Audhild



Gebyr på byggesaksbehandling

Med hjemmel i Plan og bygningslovens §109 har kommunestyret i Bokn den 30.03.2004 fastsatt gebyr til kommunen for behandling av søknad om deling, tillatelse, kontroll og andre arbeider som det etter lov,

forskrift eller vedtekt påviler kommunen å utføre. Regulativet vil tre i kraft straks det er kunngjort i samsvar med Forvaltningslovens §38

GEBYRREGULATIV FOR PLAN OG BYGGESAKER (PBL§109) - BOKN KOMMUNE 26.02.2004		
0	Alle byggesaker og planer for bolighus	0
1	Hytte/fritidsbolig	2.000
2	Hytte/fritidsbolig-tilbygg som krever byggetillatelse	1.200
	Tiltak som ikke kan behandles som melding etter lovens § 86a, og som krever samme saksbehandling og kontroll som nybygg under pkt.1	
3	Meldinger	
	§81 Driftbygninger i landbruket med husdyrrom	1.200
	Landbruksgarasje	800
	§85 Midlertidige eller transportable bygninger eller anlegg,herunder campingvogner	800
	§86a Mindre byggarbeid på bolig eller fritidseiendom	800
4	Garasje og uthus, naust redskapshus som krever byggetillatelse	1.200
	Bygninger som ikke kan behandles som melding etter pkt3	
5	Andre bygg som krever byggetillatelse	
	Nybygg med bruksformål industri,forretning,kontor,lager,off bygg mv.	4.000
6	Tilbygg til andre bygg som krever byggetillatelse	2.000
7	Andre tiltak som krever byggetillatelse	
	Alle tiltak som omfattes av lovens § 84 Og 93 og som ikke fanges opp av andre punkter i regulativet	600
	§84 Mindre brygger,forstøtningsmurer,transformatorer,frittstående murer, moloer mv. §93b-fasadeendringer,vesentlig endring eller vesentlig reparasjon. §93-riving §93e-Oppføring,endring eller reparasjon av bygningstekniske installasjoner når disse ikke inngår i nybygg. §93g-innhegning mot vei,skilt,reklameinnretninger § 93ij-vesentlig terrenginngrep,anlegg av vei og parkeringsplass.	
8	Enkle tiltak	75% av ord.gebyr
	Lovens §95b. Dette er en saksbehandlingsregel for tiltak som kan behandles uten samtykke fra andre myndigheter, der naboer har samtykket, og det ikke er nødvendig med dispensasjoner. Vedtaket skal inneholde direkte igangsettingstillatelse.	
9	Fradeling	800
	Saksbehandling knyttet til fradeling av selvstendige parseller og tomtetillegg som krever tillatelse. Oppmålingsgebyr og tinglysningsgebyr beregnes separat. Andre gebyr skal ikke komme i tillegg.	
10	Bruksendring	800
	Saksbehandling knyttet til bruksendringsspørsmål. Behandling av bygningsmessige forandringer faktureres separat.	800
11	Behandling og godkjenning av ansvarsrett for foretak med sentral godkjenning	200
12	Godkjenning av foretak uten sentral godkjenning	600
13	Private reguleringsplaner, vesentlige reguleringsendringer og bebyggelsesplaner. Annonsekostnader er ikke medregnet.	10.000
14	Mindre vesentlig reguleringsendring	1.600
15	Tiltak som krever dispensasjon	2.000
	Dispensasjon fra lov, forskrift og plan.	
16	Behandling av utslipssaker/rehabilitering av anlegg	800
17	Gebyr skal kreves inn når saken er sluttbehandlet. Saker som ikke blir behandlet innenfor gjeldende saksbehandlingsfrister skal ikke gebyrlegges.	

LITT OM NYTT

Tett i tett i Sunnalsstraumen

Reidar Alvestad

6 nye hytter opp i ein fart

Området på begge sider av Sunnalsstraumen er svært attraktivt for hytter. Frå før av fins her nok så mange på begge sider, og i det siste er det plutselig kome eit tilskot på 6 nye på norvestsida av sundet. I teknisk seksjon i Bokn kommune kan dei opplysa til



To av hyttene ligg nært fylkesvegen og brua over Sunnalsstraumen. Brygge av naturstein er bygd på framsida av hyttene



Dei 4 andre hyttene ligg lengre ute på nordsida av sundet. Ei stor brygge er bygd i tilknytning til hyttene og vidare vestover

KONFIRMANTAR 2004:

Bak fv.


Anita Are
Linn Sæbø
Rakel Jansen Alvestad
Øyvind Pedersen
Kjetil Vatnaland
Andrej Dobrev

Framme fv.

Hanne Marte Vatnaland
Kristiane Larsen
Mikkelsen.

Rakel Jansen Alvestad
skal konfirmerast i
Festiviteten 8. mai -
dei øvrige i Bokn
kyrkje 2. mai.

Bygdabladet
gratulerer!



Minneord

Bjarte Kro er død, berre 58 år.

Han var fødd i Kopervik og oppvaksen på Austre Bokn. Foreldra var Elise og Ragnvald, og Bjarte var eldst av tre søsken.


Han var gift med Solfrid, og me fekk fire jenter. Etterkvart kom det tre barnebarn.

Bjarte var ein stille og fredelig mann, men hadde og sine meiningar. Han arbeidde på Bokn Plast, når den starta, heilt til han overtok garden etter foreldra. Bjarte likte godt å vera bonde, men garden vart for liten å leva av, så han begynte på Bokn Plast igjen og var hobbybonde på fritida.

Han gjekk på arbeid til han vart sjuk i fjor. Det var kreft, men Bjarte heldt motet oppe, og passa dyra sine, reiste litt, og venta, på barn, barnebarn - dei var han svært glad i.

Me sit igjen med eit fint minne, men eit stort savn etter mann, far, svigerfar og Besten.

Solfrid m/fam.



Bjarte med barnebarnet Sindre Kro Solberg.

Minneord

Trygve Jøsang er død, nær 76 år gammel.

Han var fødd og vokste opp på Jøsang. Foreldrene var Marselius og Hilda Jøsang, og Trygve var eldst i barneflokket på tre.

Han arbeidet både på heimgården, Bokn Plast, kommunen og hos en entrepenør i Haugesund.

Trygve var en ordens mann, og det å holde ting i orden og fint var en viktig del av livet hans.

Som menneske var Trygve glad i familien sin, og glad i barn. Det har vært mange gode stunder i Jøsen.

Jøsen vil ikke bli det samme etter Trygves bortgang.

Savnet er stort.



HELSESEKSJONEN
INFORMERER



Foto: JH

Ny lege tilsett

Det er nyleg tilsett kommunelege i Bokn. Den nye legen er 26 år gammel, født og oppvaksen i Sveio, og namnet er Elisabeth Mattson. Legestudiet har ho gjennomført i Australia,

men er for tida i turnusteneste ved legesenteret i Aksdal.

Formelt startar ho arbeidet i Bokn frå 15.august, men det er muleg at det frå mai blir ei fleksibel ordning med ein og annan dag i Bokn.

Antal listepasientar som høyrer til legekantoret i Bokn har gått ein del ned. Det er difor ikkje grunnlag for den nye legen å ha to dagar i veka med pasientmottak. Frå oppstart vil det difor ikkje vere lege her på mandagane.

Det kan hende det blir ei endring på dette etter ei tid, om talet på listepasientar til legekantoret her i Bokn aukar igjen. Det inneber altså at kvar enkelt av innbyggjarane kan vere med å påverke om det skal vere ein eller to dagar med pasientmottak.



Ordet fritt!



Bønder med liten kompetanse?

Marie Vågshaug

I ulike fora eg har delteke i dei siste åra har det kome fram at fleire meiner at bøndene i Bokn har liten kompetanse og lite nytenking. Det har og vore hevda at det som blir produsert i Bokn er uviktig i landssamanhang, men at landskapspleie er viktig.

Er dette sant? Er bøndene i Bokn lite dugande? Det er sant at det er få som har landbruksutdanning. Det er også sant at det som blir produsert i Bokn ikkje er det store volumet, men det er viktig å få fram at det me produserer er av svært god kvalitet. Me har før sett i bygdabladet at griseprodusentane våre i Våga har fått ros og heider. Det færre veit er at Sigmund Alvestad har fått fleire utmerkingar for grisene sine, nå seinast i år. I 2002 hadde saueprodusentane i Bokn kommune den beste kvaliteten på lammeslakt i heile Rogaland. Når det gjeld mjølkeprodukt har det frå 2001 til 2004 vore utdelt 16 utmerkingar til mjølkeprodusentar i Bokn. Desse utmerkingane heng høgt, ein må ha topp kvalitet (elitemjolk) i 5 av 7 år. Eg vil påstå at det krev ganske god kompetanse for å oppnå eit slikt resultat.

Når det gjeld nytenking - sjå til Ognøy og gardsmaten på Are.

Også i Bokn blir gardane færre og større, dette er ein trend i heile landet og er noko me ikkje kan snu. Det er vanskeleg å spå, særleg om framtida, blir det sagt. Likevel er det bygd ganske mange bygg knytta til landbruk dei siste åra. Nye fjøs, påbygg og ombygging av fjøs. Det er bygde nye grise fjøs og ganske mange sauefjøs. Tell etter sjølv neste gong du har ein tur rundt øyane våre.

Det er ynksjeleg at fleire frå Bokn vel å ta utdanning innan landbruk, men me som ikkje er heilt unge lenger må tileigna oss kompetanse som best me kan gjennom kurs, møter og livets skule. Det er ikkje så lett å få to års permisjon for vidare utdanning.

Nå står våronna for døra og det er tida for å gjera seg upopulær i bygda. Gjødsekk ligg stramt i lufta og riv i nasane. Ein må skalka alle luker og tørka klesvasken inne. Eg har lyst å skriva om eit slagord som er i mjølkereklamen i desse dagar: Må ut, det bare må ut! (Det er kanskje utruleg for mange, men me er ikkje særleg glade i dritlukt me heller).

Helsing stolt og optimistisk bonde utan landbruksfagleg utdanning, men med mykje realkompetanse. Eg har og delteke på "tusen" kurs og fagmøte gjennom åra og lese masse faglitteratur.

Takk for meg!

Hilde Bersaas Torp (tidl. Christiansen) vil gjerne få lov til å takka for seg etter å ha budd i Bokn i 28 år.

- Det e voldsomt vemodigt å flytta fra mange gode venner, men eg gjørr det p.g.a. familien, seier Hilde til Bygdabladet.

48-åringen fortel om mykje hjelp i vanskelege periodar, og drar fram ordet nettverk som ein fordel i ein liten kommune.

Den utflytta haugesundaren flyttar til Tysvær, der ho skal feira bursdagen sin i påska, i ny leilighet i Førresdalen.

Bygdabladet gratulerer med bursdagen og ny leilighet!



Vårens inntogsmarsj

Nå ringes våren inn langs husvegg og fra bed og se! der er en roseknopp som brister blant vinter nakne grener og kvister

Du hører fløyter i busken og fra skogens tak og se! der står Bolla piggsvin opp fra dvalen og vagger inn i den takløse katedralen

I fjellet synker snøen og elven flommer opp og se! der er en rype som spiller ivrig slår han vulgære mørke triller

Havet blir urolig solen kiler dypt og varmt og se! der er en ørret som springer den hopper høyt med hjelp av vårens vinger

Mellom livløse gresstrå stikker det i grønt og se! der er en humle som brummer og varsler om en sommer som kommer

Kjetil Hamre



Vinterlandbruksskulen i Ryfylke

Vidaregåande skule med studieretning for naturbruk

Skuleåret 2004/2005 kjem vi til Tysvær.

Vi tilbyr eit eittårig landbruksskurs som fører fram til agronomkompetanse.

Undervisning i klasserommet fire dagar per uke, fra september til påske.
Praksis på eigen- eller vertsgard haust og vår.

Skulen skal halde til i Aksdal, Kulturhuset

For meir informasjon, søknadsskjema, etc., ta kontakt:

Elevkonsulent og lærar:

Siri Sangnæs, tlf 51 74 41 65, mobil 975 05 900

e-post: siri.sangnas@hesbynet.no

**Adresse: Vinterlandbruksskulen i Ryfylke, 4137 Årdal,
Telefon: 51 75 31 10**

AMROCK JV AS

Din lokale leverandør av:

PUKK, SINGEL og GRUS

Utsalg Førre Industriområde
Utsalg Espevik

tlf. 52 77 91 70/400 74 416
tlf. 52 75 42 30

Bork informerer

Familieleir på Sandbekken 14. - 16. mai 2004

Vi arrangerer rideleir på Sandbekken for hele familien 14. - 16. mai 2004.

Programmet er ikke helt klart ennå, men helga vil bli fylt av aktiviteter for både store og små.

Pris: Medl.familie: kr 550,- (650,-)
Enkeltmedl. : kr 150,- (200,-)

Påmelding til Agnes, tlf. 52748629 innen 1.mai 2004

Utleie av hestehenger

Bork har hestehenger for utleie. En kan abonnere på hengeren for kr 1000,- pr år, ellers koster det kr 200,- pr. døgn å leie den.

Ta kontakt med Agnes.

Styret i Bokn og Omegn Rideklubb (navneskifte etter årsmøtet 2003):

Formann	Jan Are
Nestformann	Gry Øvrebø
Sekretær	Agnes Sæbø
Medlem	Laila Nemeth
Medlem	Daghild Grønnestad
Varam/kasserer	Brit Heidi Førland
Varamedlem	Leif Kjellesvik

Mandag, - onsdag - torsdag
09.00 - 17.00

COOP BOKN

Tirsdag - fredag 09.00 - 18.00
lørdag 09.00 - 14.00

- Dagligvarer
- Bensin—Diesel
- Medisinutsalg
- Driftsmidler
- Postfilial
- Bank i butikk

coop
marked


BJØRN LINDANGER



Alt i Graving og Transport

Rennesøy, Tlf.: 51 72 36 15 - Mob.: 946 72 848

- Me utfører alt innen graving og transport.
- Me formidler båring og skyting.
- Maskiner fra 1,5 tonn til 21,0 tonn 3 stk
- Levering av røyr og kummer.
- dumperbiler.




**A. OLUFSEN
SKIPSSERVICE A.S**

AVD. BOKN

Tlf. 52 74 84 60 – Mob. 98 20 90 28

VI UTFØRER ALT INNEN: STÅL · ALUM. · RUSTFRITT · RØR-
ARBEID · MASKINARBEID · HYDR. · TESTING, SERTI-
FISERING AV KRANER · LASTE, LOSSEUTSTYR PÅ SKIP



Kragerø 2013

Du vet hvor dyrt det er å ha ferie.
– Spar til den dagen livet kun består
av fridager.

Noen hendelser i livet får store økonomiske konsekvenser.

Ta kontakt med oss i dag på telefon 02002 eller stikk innom oss i Bokn.


Vit at vi er der.

SpareBank 1 SR-Bank

Noko å feire?

Møte- og selskapslokaler og
hybel/leiligheter til leige

Me leverer óg smørbrød



Sjøhuset
i Alvestadtroken

Tlf: 52 74 86 05 - Mob. 90 94 88 26



Tlf: 52 76 50 50
Fax: 52 76 50 51

MILJØVERK IKS

Tysdag 4.mai

vert det

våroppryddingsaksjon

på Bokn.

BOKN

ETNE

TYSVÆR

VINDAFJORD

ØLEN

TA VARE PÅ NATUREN



BOKN KOMMUNE

49,33 % reinhaldsstilling på Boknatun ledig

Då ein av våre faste reinhaldarar går av med pensjon 30.06.04, søker me etter ny reinhaldar.

Arbeidsstad:

Arbeidsstad er Boknatun som innbefattar administrasjonskontora, trygdekantoret, legekontoret, tannlegekontoret og sjukestova. Ein kan også bli pålagt reinhald på skule, barnehage, eller kommunale bustader i enkelte periodar.

Arbeidstid:

Arbeidstida er kl. 8.00 – 11.40 kvar dag.

Kvalifikasjonar:

Det krevst alminneleg god helse og fysikk. Det er ynskeleg med fagbrev, men personar med arbeidserfaring vil også bli vurderte.

Søknadsfrist: 26.04.04

Søknad skal sendast til Bokn kommune v/seksjon teknisk, Boknatun, 5561 Bokn.

Interesserte kan ta kontakt med Unni W W Høivik på tlf 52 75 25 06 - 98 22 15 14



BOKN KOMMUNE

REVISJON AV KOMMUNEPLANEN SIN AREALDEL

I samsvar med PBL§ 27-1 gjer ein hermed kjent at arbeidet pågår med revisjon av arealdelen til kommuneplanen. Planarbeidet omfattar heile kommunen og ein vil vurdere endringar innafør alle plantema.

- 1 Byggjeområde til ulike føremål.
- 2 Landbruks, natur -og friområde.
- 3 Område for råstoffutvinning.
- 4 Bandlagde område.
- 5 Område for særskild bruk.
- 6 Viktige ledd i kommunikasjonssystemet.

Kommunen har alt gjennomført mange planprosessar saman med innbyggjarar og offentlege etatar, men vi gjer merksam på at den framleis er mogleg å setje fram forslag til endringar.

Innspell må verar sendt kommunen innan den 30.04.2004

Ein kan kontakte kommunen på tlf 52752505 eller e-post hfaye@bokn.kommune.no

GRATIS

sjekk av det elektriske anlegget i boligen din!

(Tilbudet er helt uforpliktende for våre kunder.

Gjelder boliger oppført i Karmøy, Haugesund, Tysvær, Sveio og Bokn).

Det er ikke bare bilen som har behov for jevnlig service og vedlikehold. Når foretok du service på det elektriske anlegget i boligen din sist?

- Vi sjekker inntak, hovedkabel, sikringsutstyr, jordingsforhold, skjøteledninger m.m
- Vi sjekker sikkerheten knyttet til det elektriske anlegget i boligen din og gir deg informasjon om forbedringer du kan investere i for å øke sikkerheten i hjemmet ditt.
- Vi informerer om aktuelle ENØK tiltak du enkelt kan iverksette for å oppnå lavere strømregning.
- Vi informerer om hensikten med og behovet for jordfeilvern og overspenningsvern i det elektriske anlegget.
- Vi hjelper deg med å planlegge framtidige utvidelser av det elektriske anlegget i forbindelse med ombygging, påbygging, utskilling av leilighet, bygging av garasje m.m

ETR tilbyr sterkt reduserte priser på oppdrag knyttet til kampanjen!



INSTALLASJON & SERVICE

Raglamyrveien 16, 5536 Haugesund

Elektrikere - Teknikere - Rørleggere

Tlf. 52 70 54 50 - Faks 52 70 54 51

www.etr.as

Ring din bestilling direkte inn på vår
kampanjetelefon 52 70 54 65
eller kontakt oss pr. E-post: helge.pedersen@etr.as

TILBUD STEINFRI SKJELLSAND + høy og halm


Kr. 140,- pr. m3 fritt utkjørt innmark.

Kr. 150,- pr. m3 fritt utkjørt utmark.

*Kontakt Morten Ullenes,
4150 Rennesøy*

51 72 31 33

900 16 817



Datakurs for deg som er litt opp i åra

Har du passert 55 utan at du kan bruka ein datamaskin? Vil du lære korleis du kan gå inn på internett, senda e-mail, skriva brev osv.?

Nå har eldrerådet i Bokn tatt initiativ til eit kort innføringskurs om data. Det vil bli orientert om korleis ein datamaskin fungerer, bruk av mus, tastatur, m.v.

Kurs onsdagar den 21. og 28. april, og 5. mai kl. 14.15 til 16.15 på Bokn skule. Lærer er dataansvarleg i Bokn kommune, Ture Kristiansen. Kurset kostar kr. 100,-.

Ein tar forbehold om tilstrekkeleg mange påmelde.

Påmelding i tlf. 52 75 25 00 kvardagar mellom kl. 09.00 - 15.00 innan fredag den 16. april.

Hus til salgs i Bokn

Huset er bygget i 1994 og inneholder 3 etasjer med 3 leiligheter. 1 av leilighetene er utleid.

Tomten er på ca. 1.5 mål. Pent opparbeidet hage. 2 drivhus medfølger.

For visning av huset kontakt Lise Rødde, tlf. 41 56 57 47.

Prisantydning kr. 1.825.000.-

Interesserte kan ringe Karin og Odd på tlf. 0034 617948923 eller 0034 677590418.

ARSVÅGEN KRO OG GARDSMAT A/S

TLF. 52 74 80 00

hallv-b@online.no

- # Vi leverer snitter, smørbrød, koldtbord og varmmat etter deres ønske
- # Selskapslokaler med god hjemmelaget mat
- # Møtelokaler til alle formål
- # Egenproduserte pølser tuftet på gamle oppskrifter "selges nå fra kiosken"
- # Kjøtt fra storferasen "Aberdeen Angus" - kjent som kanskje verdens beste kjøtt
- # Vi serverer middag hver søndag fra kl. 13.00 til 17.00 på Angusloftet.

Vi holder åpent på Angusloftet 1. og 2. påskedag fra kl 13.00 til 18.00. Servering av middag begge dager.

*VI SATSER PÅ GOD HJEMMELAGET MAT
TIL HVERDAG OG FEST*



Bygdadag - til fjells med og uten hest

Bokn og Omegn Rideklubb (Bork) arrangerer tur for medlemmer og ikke-medlemmer:

1. PÅSKEDAG kl. 13.00 - Ta med egg til koking, pølser og drikke

Her får alle som har lyst lov til å ri.

Oppmøte hos Kari og Håvard Hetland på Laupland. Møt opp store og små til en trivelig fjelltur i påsken.

VED TIL SALGS

Ferdig kappet blandingsved til salgs for kr 1.250,- for favnen.

Veden ligger på paller, ferdig kappet og pakket i nett. Må hentes. **Tlf: 924 48 804**

ØNSKES KJØPT

Brukt melketralle ønskes kjøpt.

Tlf: 51 58 06 13

Takk til alle som gav oss hjelp og støtte i sorga.

Takk for alle kranser og blomster.

Salfrid m/fam.

Hjertelig takk for all deltagelse og blomsterhilsener ved vår kjære bror Trygve Jøsang sin bortgang.

Takk til Bokn sjukestove for god pleie.

Familien

BOKN FYSIOTERAPI

Tysdag og onsdag og helgene i partalveker.
Direktenr. 52 75 25 33. Ta kontakt for avtale.

Geir Austvik - fysioterapeut

BOKN FOTTERAPI

Kvar torsdag kl. 09.00 - 15.00
ved fysioterapirommet.

Ettermiddagar ope ved behov.

Ver venleg å bruke tilhøyrande inngang.

For timebestilling tlf. 52 74 84 79

Direkte nr. på torsdagar: 52 75 25 33

Rita Jensen - fotterapeut

TRYGDEKONTORET

Kontortid kl. 9.00 - 14.30

Telefontid kl. 8.00 - 15.30

Tlf. 52 75 21 50 - Fax. 52 75 21 51

Direkte innval: 52 75 2 + linjenr.

Ragnhild Ognøy: linjenr. 150

Ingunn Sunde: linjenr. 152

Ingunn Sunde - trygdesjef

LANDBRUKSKONTORET

Kvar torsdag kontordag i Boknatun
kl. 9.00 - 12.00.

Direktenr. 52 75 25 13

Avtale etter kl. 12.00 må gjerast særskilt.

Kan treffast på rådhuset i Tysvær andre
vekedagar, tlf. 52 77 05 00

Bjørn Bruaset - jordbrukssjef

DAGSENTERET

Hei, alle 70-åringar og dei som er eldre

Dagsenteret på Boknatun har no flytta over i nye
lokaler. Me held til i den nye dagliegstova som høyrer
til omsorgsbustadene.

Har du lyst til å komma og vera i lag med oss?

Opningstida er no kvar torsdag frå kl. 11.00 -
15.00.

Påmelding, ring 52 74 83 09

Julianne Nilssen
aktivitetsleiari for dagsenteret

BOKN BYGDABLADE



Blir laga og gitt ut av Bokn kommune. Frist for
innlevering av stoff er etter avtale med
redaktøren. Bladet kjem ut 10 gonger i året.
Eit abonnement kostar kr. 200,- pr. år, gratis
for bortebuande skuleelevar og studentar.

BYGDABLADNEMND

Svein Ivar Langhelle

Eva Moi

May Jorunn Vatnaland

TILSETTE

Jardar Havikboth, redaktør

Tlf. 52 75 25 08 - 98 22 15 08

E-post: jardar@bygdabladet.no

Reidar Alvestad, journalist

Tlf. 52 75 25 04 - 98 22 15 04

E-post: reidar@bygdabladet.no

Linda Ognøy, medarbeidar

Tlf. 52 75 25 45 - 91 16 87 82

E-post: linda@bygdabladet.no

ANNONSEPRISAR

Heilside kr. 620,-

Halvside kr. 380,-

Kvartside kr. 190,-

1/8 side kr. 125,-

Privatann. kr. 40,-

Fastann. etter avtale

www.bygdabladet.no


Stort forsidebilde

Biene har funne
krokosen - det er vår!

Foto: Kari Hetland



*Bokn Bygdablad
ynskjer alle
lesarane sine
ei riktig god
påske!*



Lyrisk møte

Jardar Havikbotn

Kjetil Hamre trefte diktaren Kolbeid Falkeid.

- Skribenten har eit uutvikla, men stort diktartalent som bør kunne drivast til noko! Eg har tru på Kjetil, tar han alvorleg og håpar han arbeider vidare.

Dette seier altså sjølvaste Kolbein Falkeid om Bokn sin eigen poet, Kjetil Hamre. Den lokale forfattaren er nettopp "kome ned på jorda" etter møtet 4. mars, eit møte anestesilegen til Kjetil hadde organisert. Ein skulle tru at smertene til Kjetil heldt seg langt borte under samtalen med haugesundsiktaren.

Det var i fjor haust at Kolbein Falkeid, som er barndomsven av anestesilege Nils Moe, mottok rundt 60 dikt som Kjetil har skrive. Falkeid har lese og studert samtlege ord på ein streng og profesjonell måte, og også kommentert 15 av dikta.


Kjetil himlar med augo når han fortel om responsen frå meisteren.

- Desse kommentarane er gull verdt for meg og eg skal aldri kasta dei, smiler 35-åringen.

- Nå får eg gjennom ris og ros innblikk i korleis Kolbein Falkeid tenker i forhold til produkta mine. Eg skal læra meir av å lesa poetane Hans Børli, Harald Sverdrup og Rolf Jacobsen, studera teknikken og metafor-bruken til desse "tre store".

Kolbein Falkeid snakkar om å tileigna seg eit handverk. Litteratur er 90% handverk. Kunst er å kunna. I tillegg til handverket kjem talentet, og det er det Falkeid meiner Kjetil har. Men han må heile tida vera på leit i språket. Ein diktars oppgåve er å fornya språket.

Famlinga til Kjetil på leit etter sitt eige formspråk, sin personlege stil, ser forfattaren frå Haugesund på som noko positivt. Falkeid drar også fram ord frå dikta til Bokn-skribenten og kallar det forbløffande poetisk



Psykisk og fysisk helse går hand i hand hos dr. Nils Moe. Her flankert av Kolbein Falkeid (tv) og Kjetil Hamre.

sterkt. Når den kjente lyrikaren i tillegg fortel at Kjetil har eit kunstnarhjarta ut i frå vere- og talemåte verkar det som balsam for kropp og sjel.

- Det aller største med møtet var at Kolbein Falkeid stiller seg til disposisjon på vegen min vidare, og eg vil kontakta han når eg kjem til utplukkinga av dikt som skal sendast til ulike forlag.

Den sjukmeldte forskulelæraren har også i dag dikt inne hos ein del forlag.

Bygdabladet ynskjer Kjetil lukke til vidare mot å finna grensa mellom å vera genial og klisjéaktig.

Turglede!

Lars Johan Hansen er Bokn's mest trufaste Boknafjell-klattrar.

Elisabet Taraldlien hadde kameraet med seg til toppen av Boknafjellet i det nydelege turvéret 9. mars.

Som mange andre turgåarar traff ho på fjellklattrar nr. 1, Lars Johan Hansen. Nesten kvar dag går han opp til toppen, og det er ikkje uvanleg at han tar turen fleire gongen til dagen, og namnet hans pregar postkasse-boka der oppe.

Imponerte Elisabet tok dette flotte bildet av han.

- Lars burde nærmast fått eit krus kvart einaste år, for maken til turglede - kjempeflott!

